




Statens vegvesen

## REGULERINGSPLAN



### Prosjekt: E134 Høydalsmo kyrkje- Høydalsmo

Plan- ID: 20190001

Kommune: Tokke

## Innhold

1 Samandrag .....	2
2 Innleiing .....	2
3 Bakgrunn for planforslaget .....	3
3.1 Planområdet .....	3
3.2 Kvifor utarbeidast forslag til detaljregulering for E134 Høydalsmo kyrkje- Høydalsmo ...	4
3.3 Målsetningar for planforslaget.....	4
3.4 Tiltakets forhold til forskrift om konsekvensutgreiing .....	4
4 Planprosess og medverknad .....	4
5 Rammer og premisser for planarbeidet.....	4
6 Skildring av eksisterande forhold i planområdet .....	5
6.1 Plassering .....	5
6.2 Dagens - og til grensa arealbruk .....	5
6.3 Trafikkforhold .....	5
6.4 Nærmiljø/friluftsliv .....	5
6.5 Naturmangfald .....	6
6.6 Kulturmiljø .....	6
7 Skildring av forslag til detaljregulering .....	6
7.1 Planlagt arealbruk.....	6
7.2 Tekniske føresetnader .....	7
8 Verknad av planforslaget - arealbruk og løysingar .....	7
8.1 Framkomelighet.....	7
8.2 Naboar.....	7
8.3 Byggjegrenser.....	8
8.4 Gang- og sykkeltrafikk .....	8
8.5 Kollektivtrafikk .....	8
8.6 Naturmangfald .....	8
8.7 Naturressursar.....	8
8.8 Støy og vibrasjonar .....	8
8.9 Massehandtering .....	9
8.10 Risiko, sårbarheit og sikkerheit - ROS analyse .....	9
9 Konsekvensutgreiing .....	9
10 Gjennomføring av forslag til plan .....	9

10.1 Framdrift og finansiering .....	9
10.2 Utbyggingsrekkefølge.....	9
10.3 Trafikkavvikling i anleggsperioden .....	9
10.4 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA)- og Ytre miljøplan (YM) for byggjefasen.....	9
11 Samandrag av merknader til offentleg ettersyn .....	9
12 Vedlegg .....	16
1. Forslag til plankart .....	16
2. Forslag til føresegner .....	16
3. Støyrapport .....	16
4. ROS- analyse.....	16



## 1 Samandrag

Planbeskrivinga er ein del av framlegget til detaljregulering for E134 Høydalsmo kyrkje– Høydalsmo i Tokke kommune. Hovudføremålet med reguleringsplanen er at denne strekinga på 1, 6 km skal ha same standard som utbetningsprosjektet mellom Morgedal og Høydalsmo.

## 2 Innleiing

Med heimel i plan- og bygningslova § 3–7 har Statens vegvesen i samarbeid med Tokke kommune, utarbeidd detaljreguleringsplan for E134 Høydalsmo kyrkje– Høydalsmo.

Statens vegvesen har ansvaret for planarbeidet til og med merknadsbehandling etter høyringsperioden. Deretter mottar Tokke kommune planomtale, plankart og føresegner til politisk behandling.

Oppstart av planarbeidet vart annonsera i Vest– Telemark blad og Varden den 15.03.2019 etter Plan- og bygningslova § 12-8.

Varsel om oppstart av reguleringsplanlegging vart sendt til offentlege parter samt grunneigare og andre partar.

Planforslaget består av fylgande deler:

- Plankart, datert 9. mai 2019, revidert 4. nov. 2019.
- Føresegner, revidert 1. nov. 2019.
- Planbeskriving, datert 4. nov. 2019.

Planforslaget vart lagd ut til offentleg ettersyn i tida 24.05.2019– 01.08.2019 på følgande stader:

- Tokke kommune, Storvegen 60, Dalen
- Statens vegvesen, Region sør, Gjerpensgate 10, Skien.
- Internett:

<https://www.vegvesen.no/Europaveg/e134seljordamot/reguleringsplaner>



Varsel om offentlig ettersyn blei kunngjort i Vest- Telemark blad og Varden. Grunneigare og rettighetshåvarer fekk skriftleg melding om dette. Planforslaget blei samstundes sendt på høyring til offentlege partar.


Statens vegvesen har summert opp og kommentert innkomne merknader i kapittel 11 i planomtala. Som fylgje av innkomen merknad frå Telemark fylkeskommune er det gjort endring i plankart og føresegner.

Statens vegvesen er forslagstillar for reguleringsplanen. Prosjektleder er Helene Byre og planleggingsleder er Gro Rønningen.

Kommunens vedtak kan påklagast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet iht. Plan- og bygningslovens § 12-12. Avgjeringsretten i klagesaker er delegert til Fylkesmannen. Eventuell klage kan rettast til Fylkesmannen og sendast til kommunen.

### 3 Bakgrunn for planforslaget

#### 3.1 Planområdet



Området som skal regulerast strekk seg frå Høydalsmo kyrkje til nytt kryss ved Høydalsmo vegkro. Lengda på strekninga er på 1,6 km og omfattar dagens E134 og tilstøytande areal som er naudsynt for å utbetre standarden på vegen.

### 3.2 Kvifor utarbeidast forslag til detaljregulering for E1 34 Høydalsmo kyrkje– Høydalsmo

Eit av måla med utbetringa er å oppdatere denne siste delen av strekninga frå Morgedal til Høydalsmo slik at det blir ein likeforma standard i samsvar med dagens krav. Sidan førre reguleringsplan blei godkjent i 2011 har det komme krav om at eksisterande vegoverbygning skal skiftast ut ned til frostfri djupne. For å få til dette må ein utvide tverrprofilet for å få meir areal til å gjennomføre masseutskiftinga. Eit anna mål er å betre trafikksikkerheita.

### 3.3 Målsetningar for planforslaget

#### *Effekt mål*

Redusere utforkjøringsulykker.

Likeforma standard på lenger strekke av vegnettet.

#### *Resultat mål*

Utbetre vegen slik at den får samme standard som resten av vegen mellom Morgedal og Høydalsmo.

### 3.4 Tiltakets forhold til forskrift om konsekvensutgreiing

Endringane i forhold til eksisterande plan er så små at det er vurdert til at planen ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing, jamfør KU- forskrifta § 8, fordi den ikkje vil føre til vesentlege verknader for miljø og samfunn.

## 4 Planprosess og medverknad

Planprosessen er gjennomført jamfør plan- og bygningsloven.

Oppstartsmøte med Tokke kommune ble gjennomført 28.2.2019. Det blei varsla oppstart i avisene Varden og Vest- Telemark blad 15.3.2019. I samband med høyring av reguleringsplan blir berørte grunneigare, offentlege etater og andre partar varsla pr. post samt at det blir varsla i nokre aviser. Alle har høve til å kome med merknader.

## 5 Rammer og premisser for planarbeidet

Tiltaket grenser mot planid. 20150002 – Reguleringsplan for E1 34 Mostøyl– Høydalsmo, i kvar ende av strekninga:


Planområdet er ein del av prosjektet E1 34 Seljord– Åmot som har bevilgning i NTP i 2018, 2019 og 2020 på henholdsvis 40 mill. 83 mill. og 8 mill. kr.



## 6 Skildring av eksisterande forhold i planområdet

### 6.1 Plassering

Planområdet strekker seg frå Høydalsmo kyrkje til nytt kryss ved Høydalsmo vegkro i Tokke kommune. Strekningen er 1,6 km lang.



### 6.2 Dagens – og til grensa arealbruk

Planområdet består av dagens E134, nokre bustad- og fritidseigedomar, LNFR og Høydalsmo kyrkje med gravplass.

### 6.3 Trafikkforhold

- ÅDT i 2018 var 2800 køyretøy. Andel tunge køyretøy er 19 %.
- Fartsgrense på strekninga er 80 km/t.
- Det er ikkje lagt til rette for mjuke trafikantar på strekninga.
- Det er ingen busslomme på strekninga. Bussen stopper langs vegen om nokon skal av eller på.

### 6.4 Nærmiljø/friluftsliv

Ved Høydalsmo kyrkje og gravstad er det nokre bustader. Omtrent 600 m i retning Høydalsmo sentrum støyter me på eit gardsbruk, ein bustad og ein fritidsbustad. Den siste km mot Høydalsmo ligger Oftevatn på den eine sida av E134 og skogkledd åsar på den andre sida.

Områda rundt E134 brukas til jakt og friluftsliv, men det er ikkje lagt til rette med turstiar.



## 6.5 Naturmangfald

I samband med utarbeiding av førre reguleringsplan blei det utført søk i ulike databasar. Det blei da ikkje funne nokon verdifulle artar, naturtypar eller kulturlandskap tett på strekninga. Det var kontakt med Telemark botaniske foreining som ikkje hadde registreringar om funn langs strekninga.

E134 ligg tett opp til Oftevatn og Dalaåi. Vassdraga er ikkje verna i verneplan for vassdrag. Bekkefeltet i Dalaåi er i god økologisk og kjemisk tilstand. Sjølve Dalaåi er i moderat tilstand grunna at den er sterkt modifisert (regulert). Tilstand til Oftevatn er ikkje kjend.

## 6.6 Kulturmiljø

Det er 2 registrera kulturminne innanfor planområdet.

Id 137643 Lokalitet frå steinalder ved Oftevatn.

Id 137647 Dyrkingsflate ved Damkosi frå høgmiddelalder.

## 7 Skildring av forslag til detaljregulering

### 7.1 Planlagt arealbruk

#### Offentleg køyreveg

o\_SKV1 er E134. I areala inngår køyrefelt, naudsynt breddeutviding, skulder og rekkverksrom.

o\_SKV2 er kommunal veg til Høydalsmo kyrkje og gravstad samt til eigedomane 21/22 og 21/31.

#### Privat avkøyrse

Der kor eksisterande avkøyrse ikkje endras, er denne kun visa med pil på plankartet.

#### Bustader

Areal avsatt til dette føremålet er eksisterande bustadseigedomar.

#### LNFR

Areal avsatt til dette føremålet er eksisterande landbruks–natur– eller friluftområde i dag.




## 7.2 Tekniske føresetnader

Standardvalget er grunngjeve i dei krava som vert nytta i utbedringa på E134 frå Morgedal– Høydalsmo.

### Tverrprofil

Bredde på veg blir 8,5 m som vist på figuren nedanfor. 2 køyrefelt med bredde på 3,25 m, og 1 m brei skulder på kvar side.



Fartsgrense på 80 km/t oppretthaldast

## 8 Verknad av planforslaget – arealbruk og løysingar

### 8.1 Framkomeligheit

Prosjektet ventes å få positiv effekt for overordna mål om lavere ulykkesrisiko og auka regularitet fordi forslag til plan fører til betre framkomeligheit og trafikksikkerheit ved:

- Forbetring av horisontalkurvatur (fjerne høgbrekk).
- Forbetring av vertikalkurvatur (slake ut kurver).
- Siktforhold blir betre som følge av forbetring av kurvatur.

Det må påreknas redusert framkomeligheit under anleggsperioden.

### 8.2 Naboar

Eigedomane som vert rørt av tiltaket er:

gnr. 21 bnr. 1 fnr. 31

gnr. 21 bnr. 2, 4, 8, 11, 20, 22, 23, 24 og 31

gnr. 72 bnr. 1, 4, 7 og 12

Det vil takast omsyn til naboar under anleggsperioden. Gravferd frå Høydalsmo kyrkje vil kunne gå som planlagt.

Det må påreknas nokre ulemper under anleggsperioden.



### *Avkøyrsler*

Avkøyrsler til eigedomane vil oppretthaldast. Unntak er avkøyrsler til gnr. 21 bnr 22 og gnr. 21 bnr 31. som får avkøyrsler via ny kommunal veg ned til Høydalsmo kyrkje og gravstad.

Det kan vere at nokon avkøyrsler blir mellombels lagt om i anleggsperioden.

### 8.3 Byggjegranser

Byggjegrænse til E1 34 er 50 m frå midtlinje i næraste køyrebane jamfør vegloven § 29.

### 8.4 Gang- og sykkeltrafikk

Planlagd tiltak kan gjere forholda noko betre for mjuke trafikantar fordi det blir 1 m brei skulder på kvar side av vegen.

### 8.5 Kollektivtrafikk

Planlagd tiltak vil ikkje endre dagens forhold.

### 8.6 Naturmangfald

#### *Vassdrag*

Der reguleringsgrensa går helt ned til Oftevatn er det lagt inn ein buffer på minimum 2 m frå vassdragskant for å ta vare på kantvegetasjon.

### 8.7 Naturressursar

Ingen kjente som blir røra innanfor planområdet.

### 8.8 Støy og vibrasjonar

«Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», også kalla T-1442, gjeld for reguleringsplanen. Det er gjort støyberekningar i reguleringsplanen. I utgangspunktet er støygrensa Lden 55 dBA for bustader og fritidsbustad, samt utanfor rom med støyfølsam bruk til bustad. For dei eigedomane som likevel får eit støynivå som overskrider støygrensene i T-1442, tabell 3, skal det gis tilbod om lokal skjerming og/eller fasadetiltak. Eigedomane som skal vurderast for støytiltak er gnr/bnr: 21/4, 21/8, 21/23, 21/31, 21/1/13 og 72/7.

## 8.9 Massehandtering

Dette håndterast i samband med gjennomføring av prosjektet.

## 8.10 Risiko, sårbarheit og sikkerheit – ROS analyse

Det er gjennomført ei ROS– analyse. I forhold til endring av risiko så vil tiltaket føre til uendra eller redusert risiko på permanent basis.

I anleggsfasen vil risikoen for støy auke.

## 9 Konsekvensutgreiing

Planen utløyser ikkje krav til konsekvensutgreiing, sjå kap. 3.4.

## 10 Gjennomføring av forslag til plan

### 10.1 Framdrift og finansiering

Det er ikkje løyvd nok midlar til å gjennomføre prosjektet i sin heilheit. Det arbeidast for å få dette. Gjennomføring av prosjektet er planlagt i 2020.

### 10.2 Utbyggingsrekkjefølgje

Dersom det ikkje løyvast midlar til å gjennomføre prosjektet i sin heilheit vil dei punkta med størst avvik frå dagens krav til kurvatur bli gjennomførde først.

### 10.3 Trafikkavvikling i anleggsperioden

Det må påreknas nokre ulemper i anleggsperioden. Det kan være mellombelse omleggingar av avkøyrslar, og innsnevring til ein køyrebane med trafikkregulering.

### 10.4 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA)– og Ytre miljøplan (YM) for byggjefasen

Dette handterast i byggjefasen.

## 11 Samandrag av merknader til offentleg ettersyn

Det kom inn 5 skriftlege høyringsinnspel i samband med at reguleringsplanforslaget låg ute til offentleg ettersyn. Samandrag av





innkomne merknader og Statens vegvesen, heretter kalla SVV, sine kommentarar til merknadene fylgjer nedanfor.

### **1. Rørde grunneigare på gnr. 21 bnr. 3. juni 2019.**

Ynskjer å ha eit møte med SVV. Byggeleiar frå SVV gjennomføra dette 5. aug. 2019.

Grunneigarene hadde følgande punkter:

–Bekymra for at E134 kjem nærare bustaden. Det er i dag problem med snøbrøyting som treff både bustad og bilar. Grunneigar har også blitt brøyta ned.

– Dei fortel om store plagar med støy frå vegen, og at det ikkje er nokon plass som i dag er støyfri.

Grunneigarane ynskjer innløyising av bustaden.

#### Statens vegvesen sin kommentar:

– Grunneigare har blitt bedt om å rapportere kvar gong dette skjer slik at det kan takast opp med driftsentreprenøren.

– SVV orientera om at det vil utførast støytiltak på bustader langs E134 etter gjeldande reglar for støy.

– Det blei og informera om at det vil etablerast ein grøft mellom E134 og bustaden slik at vatnet frå vegen ikkje renn inn på tomte, samt at det vil bli satt opp rekkverk forbi bustaden.

– Bustaden er ikkje syna som innløyyst i planen. Det kan eventuelt vurderast i gjennomføring av tiltaket.

### **2. Telemark fylkeskommune, 22. aug. 2019.**

(Fekk utvida frist i vente på svar frå Riksantikvaren)

#### Areal og transport:

–Kommenterar at den utvida skuldra langs E314 vil betre forholda for dei mjuke trafikantane.

#### Klima, miljø, vassforvaltning:

–Gjer oss oppmerksame på kor me kan finne informasjon om økologisk tilstand på vatn, og at tilstanden i Oftevatn er god.

–Anbefaler at SVV arbeider med å minimere avrenning frå veganlegget.



Kulturarv:

–Minner om at dersom steingjerde rundt kyrkja og kyrkjegarden blir råka av arbeidet med E134 skal det tilbakeførast til opphavleg stand.

–Riksantikvaren har innvilga dispensasjon frå kulturminnelova for dei automatisk freda kulturminna ID 137643 og ID 137647. Dispensasjon føreset at kulturminna merkast i plankartet som Bestemmelsesområde og gi fortløpande nr. #1, #2, og at teksten takast inn i føresegnene:

*«Før iverksetting av tiltak i medhold av planen skal det foretas arkeologiskeutgravning av de berørte automatisk fredete kulturminnene id 137643 og 17647 markert som «RpBestemmelsesGrense\_ #1 og #2 i plankartet.*

*Det skal tas kontakt med Telemark fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomføres slik at omfanget av den arkeologiske granskningen kan fastsettes»*

*Granskningen bekostes av tiltakshaver jf. kulturminneloven § 10. Dispensasjonen fra den automatiske fredningen gjennom planvedtaket forutsetter at teksten innarbeides i reguleringsbestemmelsene.*

Statens vegvesen sin kommentar:

– Klima, miljø, vassforvaltning:

*SVV takkar for informasjon om økologisk tilstand på vatn, og gjer oppmerksame på at vi alltid arbeider for å minimere avrenning frå veganlegg.*

Kulturarv:

*–Dersom vi under arbeidet kjem til å råka steingjerdet er det ein sjølvfylgje at vi rettar opp dette.*

*SVV tek inn Riksantikvarens fyrste merknad i føremåla til planen og merkar dei to kulturminna i plankartet.*

*Kommentaren om at tiltakshaver skal koste granskning jf. Kulturminnalova § 10 tek vi ikkje inn i føremåla då vi ser dette som unaudsynt da dette står i lova.*



12.34

12/045.480300aa-4a01-4e1d-0004-046190b5be00.67

*Vi tek helle ikkje inn kommentaren om at det skal takast kontakt med Telemark fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast då dette er noko alltid gjer i samband med arkeologisk gransking.*

### **3. Vest– Telemark Brannvesen IKS, 4. juli 2019.**

–Viser til TEK 17 §11.17 m/ veiledning. Det skal være køyrbar veg fram til hovudinngang. Slangeutlegg frå brannbil til alle fasader bør ikkje overstige 50 m. Veg og oppstillingsplass må vere dimensjonert til brannvesenets materiell. Det må og sikrast at tilkomst ikkje vert hindra av parkerte bilar og det må vere tilgjengeleg vinterstid.

#### Statens vegvesen sin kommentar:

*–SVV meiner at ny situasjon ikkje skapar vesentleg verre tilhøve enn dagens. Det vil bli ein litt lenger veg ned til hovudport, men måla opp mot det at vi kan stengje dagens adkomst frå E134 og få ein meir trafikksikker adkomst ned til kyrkjeområdet vurderast som meir viktig.*

*Ny adkomst blir utforma etter krav i våre handbøker. Det vil vere fullt mogleg å få inn brannbilar. Veggen frå parkeringsplass til hovudport vil ikkje bli smalare enn dagens veg.*

*–Det er kyrkjias sitt ansvar korleis parkeringsplass og interne vegar rundt kyrkja skal nyttast, SVV oppmodar difor Kyrkja, kommune og brannvesen til å finne dei beste løysningane på areal knytta til kyrkja.*

*Minner også om at brannvesen har rett til å stengje E134 og stå i veggen dersom det er naudsynt.*

### **4. Tokke kyrkjelege fellestråd, 8.juli 2019.**

–Fellestrådet har hatt saka til behandling 18. juni 2019, og fatta samrøysta vedtak som har ført til følgande merknader:

1. Vil ha ny vurdering av behov for støyreducerande tiltak.
2. Ber Tokke kommune om å definere Høydalsmo kyrkjegard som stille sone i samband med deira arbeid med reguleringsplanen. Dette for at aktuelle tiltak kan vurderast på nytt av SVV før reguleringsplan endeleg vert handsama av Tokke kommunestyre.
3. Saknar estetiske omsyn knytt til gravplass.
4. Gjer merksam på at tilhøve for gravplassdrift er mangelfull og at det er for lite areal i dag for den tekniske drifta av gravplassen. Ber SVV vurdere å utvide areal austover forbi kyrkja til dette.



5. Ynskjer at trafostasjon flyttast nærare E134 slik at ein kan utvide parkeringsareal, eller at arealet planerast sli at det kan utnyttast til parkering.

6. Gjer merksam på at det er naudsynt at kommunen regulerer om noko areal vest for ny adkomstveg til framtidig areal til kyrkja og gravplass.

Ber Tokke kommune handsame endringane av areal knytt til punkt 4,5 og 6 i samband med reguleringsplanen.

7. Er kritiske til handsaminga av spørsmålet om eigedomsretten til ny veg, og er ikkje samde i at det er naturleg at ny adkomstveg til kyrkjeleg eigedom er eigd av kommunen. Viser til rundskriv V-6/2002 frå Kulturdep.

Ber SVV gjere greie for kommunikasjon med kommunen om dette, og ber kommunen gjere greie for kvifor den bør stå som eigar.

8. Ber om at stigningsgrad på ny adkomstveg reduserast slik at det vart enklare for tyngre køyretøy å nytte vegen.

Oppmodar kommunen til å stille krav om at nedre del av eksisterande parkeringsplass vert heva minimum 2 m i samband med handsaminga av reguleringsplan.

Statens vegvesen sin kommentar:

1. SVV meiner at krava til støy er tatt i vare. Kyrkja ligg utanfor planområdet og er difor ikkje ein del av denne planen.

2. SVV ser dette som eit kommunalt ansvar som må takast i samband med arbeid med kommuneplanens arealdel.

3. Dette er ikkje ein del av reguleringsplanarbeidet. Blir vurderer i samband med gjennomføring av tiltak.

4, 5 og 6. Vi forstår behovet for meir areal knytt til kyrkjedrifta, men vi ser ikkje det som ein del av denne reguleringsplanen. Vi rådar Tokke kommune til å ta ein diskusjon rundt Høydalsmo kyrkje sitt behov for meir areal.

7. Dette ser vi ikkje som ein del av arbeidet med reguleringsplan. Det er ei sak mellom Høydalsmo kyrkje og Tokke kommune.

8. Ny tilkomstveg til Høydalsmo kyrkje vart utforma jamfør dei tekniske krava som gjeld.

Heving av nedre del av parkeringsplass ser vi som naturleg sak å ta med i samband med kyrkja sitt behov for meir areal.

**5. Den norske kyrkje, Agder og Telemark bispedømmeråd, 25.juli 2019.**

–Meiner at det ikkje er tatt omsyn til støy i forhold til kyrkja og gravplassen, og at dette kjem inn under raud sone.

- Kommer med forslag korleis kyrkja kan isolerast mot støy. Ser ikkje for seg at ein kan støyskjerme kyrkja og kyrkjegarden med fysiske støyskjerming av estetiske grunnar. Ser heller ikkje for seg at E1 34 leggjast i ein anna trasé.
- Foreslår å senke hastighet forbi kyrkja frå 80 km/t til 60 km/t. Meiner at dette vil føre til mindre støy, betre trafikktryggleik og at det ikkje vil føre til høgare kostnad.
- Nemner en spesiell type asfalt og utforming av terreng for å dempe støy.
- Ser fordelene med å stengje dagens adkomst men ser det som problematisk at E134 blir liggande 1 m over dagens veg.

Vurderer motsegn om fylgjande ikkje vert løyst:

- veg langs kyrkjegardsmur må vere brei nok til at brannbil kan køyre den vegen.
- Gravferdsbil må kunne parkere og snu foran dagens hovudport.
- Det må vere HC- parkering og nokre plassar for tilsette foran hovudporten.

–Har fleire punkter som omhandlar at heving av E1 34 er eit problem, og har forslag til løysingar.

–Nemner at flytting av hovudport til kyrkjegarden må ha løyve frå bispedømmerådet.

–Syner til at det er 3 kulturminne i denne planen og at Høydalsmo kyrkje er automatisk listeførd fordi den er bygd før 1747. Uttaler og at det er Telemark fylkeskommune som uttaler seg i saker om dette.

– Nemner at byggetiltak innanfor 60 m sone av kyrkja krev godkjenning av Biskopen etter Kirkelova § 21.

–Nemner at utforming av adkomst frå E1 34 til parkering har ein stigning på nær 8 m, og ynskjer at dette sjåast på om att.

–Meiner at det ville vore betre med ein innkøyring vest for bustad eller at terrenget blir fylt opp.

– Nemner at areal tilhøyrande kyrkja må merkast med arealformål 1700 BGU.

– Nemner at det er viktig at reguleringsplanen ikkje stengjer for utviding av kyrkjegarden, og at det er kommunen i samråd med fellesrådet sitt ansvar å vurdere framtidig behov for areal slik at det kan takast med i kommuneplanen. Gjer oss oppmerksom på at fylkeskommunens kulturminneavdeling skal kunne uttale seg.



Statens vegvesen sin kommentar:

-Kyrkja ligg utanfor plangrensa og er av den grunn ikkje med i vurderinga kring støy. Når det gjeld kyrkjegarden syner støyrapporten at støynivået er uendra, og det er difor ikkje krav om skjerming av kyrkjegard ihht. «T-1442/2016»

-Tiltaket har tatt høgde for dagens fartsgrense på 80 km/t. Arealformål er satt ut frå det. Spørsmål kring fartsgrense er ikkje ein del av reguleringsfasen.

-Når det gjelder kva type asfalt vi bruker vil det vere i høve til våre handbøker. Det er ein del av gjennomføringa av tiltaket.

- E134 vil liggje nærast likt som den ligg i dag. Tiltaket vil ikkje føre til at det er behov for større terrenginngrep på strekninga forbi kyrkja. Ny veg vil bare ligge nokre cm over dagens vegbane.

- Dei punkta det blir varsla mogleg motsegn ser vi som ein del av eit areal som ikkje er E134 sitt område. Vi nemner at vegen langs kyrkjemuren ikkje vert smalare. Det er i dag ikkje skilta HC- plass eller anna parkering foran hovudporten til kyrkjegarden. Korleis kyrkja vil ha dette bør takast som ein del av ein plan for deira behov og utnytting av areal.

-Hovudport til kyrkjegarden skal ikkje flyttast.

-Telemark fylkeskommune har uttala seg til planen. Dei har ikkje omtala kyrkja fordi den ligger utanfor planområdet, og difor ikkje er omfatta av reguleringsplanen.

-Kirkelovas § 21 seier at i spredtbygd område er busetjing ikkje tillaten nærare kyrkja enn 60 m utan løyve frå departementet. Tiltaket det regulerast for er veg ikkje busetjing.

-Adkomstveg frå E134 ned til parkeringsplass vart utforma i høve til våre krav for blant anna stigning og sikt i avkøyrsel.

-Prosjektet har ikkje full bevilling. Det er planlagd så nøysamt som mogleg samstundes som vi løyser det oppdraget som er gitt.

-Arealet som er ein del av området til kyrkja er merka som grav- og urnelund, BGU i plankartet.

-Reguleringsplanen stengjer ikkje for seinare utviding av kyrkjegarden.

-SVV ser det ikkje som ein del av reguleringsplanarbeidet å seie noko om kva for samarbeid Tokke kommune og fellesrådet skal ha kring arealbruk.

-Telemark fylkeskommune sin kulturminneavdeling har uttala seg til reguleringsplanen. Dei har også innhenta ytring frå Riksantikvaren

## 12 Vedlegg

1. Forslag til plankart
2. Forslag til føresegner
3. Støyrapport
4. ROS- analyse



12 37 L

12#651.486300aa-4a01-4e1d-0084-046196b5be80.73



Statens vegvesen  
Region sør  
Vegavdeling Telemark  
Postboks 723 Stoa 4808 ARENDAL  
Tlf: (+47) 22073000  
firmapost-sor@vegvesen.no

vegvesen.no

Trygt fram sammen